Gud Signe Vårt Dyre Fedreland

1. Gud signe vårt dyre fedreland,
Og lat det som hagen bløma!
Lat lysa din fred frå fjell til strand
Og vetter for vårsol røma.
Lat folket som brøder saman bu,
Som kristne det kan seg søma!

2. Vårt heimland i mørker lenge låg,
Og vankunna ljoset gøymde.
Men, Gud du i nåde til oss såg,
Din kjærleik oss ikkje gløymde:
Du sende ditt ord til Noregs fjell
Og ljos over landet strøymde.

7. No er det i Noreg atter dag
Med vårsol og song i skogen.
Om sædet enn gror på ymist lag
Det brydder då etter plogen.
Så signe då Gud det gode såd
Til groren ein gong er mogen